



Bilde frå prisutdelinga er lånt frå Rosendal Turnlag si heimesida. Jørgen er midt på bildet og Gørill er nr.2 frå høgre

Rosendal/Uskedal har avslutta seriesesongen. Som kjent hadde damelaget ein svært god sesong, og det var berre målskilnaden som skilde laget frå opprykk. Herrelaget sleit meir, og det enda med nedrykk. No har laga hatt ein velluka avslutningsfest på Spiskammerset, og under prisutdelinga der var det fleire uskdelingar som mottok velfortente prisar.



Jørgen i seriekamp mot Solid på Heio

17 år gamle Jørgen Moberg spela seg inn på førstelevaren alt frå seriestart, og utviklinga gjennom sesongen har vore svært god. Under festen vart han såleis tildelt prisen til mest framgangsrike spelar. Og det var stor kamp om denne prisen. Før sesongen var dåverande trenar, Håvard Sætrevik, litt spent på spelarstallen. Han sa mellom anna: - Det er mange unge spelarar i stallen. Det vert spennande å sjå korleis dei vil utvikla seg. Gørill Samland Eik har hatt ein svært god sesong. Ho har hatt ei dominerande rolle på damelaget, og gjennom sesongen har ho spela svært mange gode kampar. Det var derfor både naturleg og fortent at ho vart kåra til Årets spelar på damelaget. Ho fekk i tillegg prisen for best treningsframmøte. Her ligg nok noko av forklaringa til den gode sesongen.

Vi gratulerer begge med utmerkingane for flott innsats.

Av: Thor Inge Døssland.